

Til stades: Hilde Reitan - leiar, Camilla Granlien - nestleiar
Helene M. Bolstad - nestleiar, Thor Hauknes, Kjellbjørn
Karsrud, Silje Solberg,
Thomas Nilssen – 1.vara

Frå administrasjonen: Linda Dyrnes- dagleg leiar, Ingrid Stuhaug – tilsettes representant, sak 56 og 57 Øyvind Sandum – sakshandsamar.

Tid: Torsdag 22.nov. kl. 10-17 med middag og konsert etterpå.
Fredag 23.november kl. 09.00-16.00

Stad: Schous

Sakliste

Dag 1 hadde vi kurs i søknadsskriving.

- Styresak 2018/46 Innkalling og sakliste
- Styresak 2018/47 Orienterings-, drøfting- og referatsaker
- Styresak 2018/48 Presentasjon av utøvarar på våre arrangement og haldningar i organisasjonen (utsett frå sist)
- Styresak 2018/49 Tilbakemeldingar frå deltakarane i spel fele A og spel hardingfele A på Landskappleiken 2018
- Styresak 2018/50 Søknadar om å arrangere Landskappleiken 2020, 2021 og 2022
- Styresak 2018/51 Landskappleiken i Vågå 2019: Godkjenning av premiebudsjett, tevlingsplan, billettprisar og deltakaravgift
- Styresak 2018/52 Førebels oppsummering av Meisterkonserten i Operaen
- Styresak 2018/53 100-årsjubileum – nemnd og mandat
- Styresak 2018/54 Gramo og amerikanarane
- Styresak 2018/55 Møteplan våren 2019
- Styresak 2018/56 Formalisering av medlemsskap for arrangørar
- Styresak 2018/57 Eventuelt

Styresak 2018/46 Innkalling og sakliste

Vedtak: Innkalling og sakliste vert godkjend.

Styresak 2018/47 Orienterings-, drøfting- og referatsaker

- a) Rekneskapsrapport per 30.09.18 med merknader. Rekneskap per oktober vert presentert i møtet.
- b) Driftsrapport per 14.november
 - a. Rådgjeving/Opplæring/service
 - i. Har hatt møte med StyreWeb angående overgang til bruk av elektronisk medlemsfaktura og deira GDPR-avtale.
 - ii. Har arrangert, informert og gjennomført mange relevante seminar under Folkelarm for musikarar, både om booking og om annan bransjekunnskap.
 - iii. Har hatt førebuingssseminar om korleis artistane bør førebu seg til Folkelarm.
 - iv. Kontakt og rådgjeving til potensielle nye lag
 - b. Formidling og arrangement – oppsummering:
 - i. Lanskappleik og Landsfestival i gammaldansmusikk:
 - 1. Sendt diverse rapportar i samd med Lanskappleiken og Landsfestivalen i gammaldansmusikk
 - 2. Vore på møte med NRK om deira dekking av Lanskappleiken framover.
 - 3. Kontakt og klargjering for neste års arrangørar.
 - ii. Folkelarm
 - 1. Har arrangert og gjennomført Folkelarm og fått gode attendemeldingar frå publikum, artistar og delegater.
 - 2. Hatt samarbeid med Kulturmeglerene om å freiste å få meir nasjonal presse på Folkelarm, Folkelarmprisane, INTRO-folk, Årets folkemusiker og Meisterkonserten i Operaen. Det førde mellom anna til innslag i Kveldsnytt med årets folkemusikar Anne Hytta, P3 Morgan med Bendik S, Qvam mm.
 - 3. Mykje informasjonsarbeid før, under og etter Folkelarm.
 - 4. Utdeling av Folkelarmprisane, Årets folkemusikkarrangør, Årets lokallag.
 - iii. Meisterkonserten
 - 1. Planlagt og gjennomført Meisterkonserten i operaen, og fått gode attendemeldingar.
 - 2. Vi fekk ei heilsides annonse/infoside om Meisterkonserten gratis i magasinet til Widerøe etter å ha selt inn at dei og burde ha fokus på Folkemusikk i magasinet.
 - iv. INTROFolk

1. Har gjennomført Introfolkfinalen og delt ut premien frå Gramo. Vinnar vart Ole Nilssen.
- c. Informasjon og opplysning – oppsummering:
 - i. Folkemusikk – magasinet:
 1. Folkemusikk nr. 4/2018 er i produksjon.
 - ii. Anna informasjonsarbeid
 1. Aktiv informasjonsarbeid på dei tre arrangementa våre.
 2. Tekniske løysingar på søknad om å bli med på FolkCd.no 2019.
 3. Generelt informasjonsarbeid
- d. Påverknad/samarbeid – oppsummering:
 - i. Har sendt inn høyringsinnspeil om Stiftinga for folkemusikk og folkedans.
 - ii. Vi la ut oppsummering av statsbudsjettet i våre eigne kanalar.
 - iii. Vi har vore på høyring om statsbudsjettet i familie- og kulturkomiteen og i Utanriks- og forsvarskomiteen.
 - iv. Vi var med å arrangere debatt om kulturbudsjettet på Kulturhuset i Oslo, saman med Arrangørforum, MFO, Balansekunst og Kulturalliansen. Panelet bestod av Kulturminister Trine Skei Grande (V), Anette Trettebergstuen (AP), Geir Jørgen Bekkevold (KrF), Freddy Andre Øvstegård (SV)
 - v. Vi har vore på seminar om frivillighetsmeldinga i regi av Frivillighet Norge og regjeringspartia i familie- og kulturkomiteen.
 - vi. Har hatt møte med kulturpolitisk talsperson i Miljøpartiet de grønne, Ståle Sørensen.
 - vii. Har vore på diverse møte med andre organisasjoner og nettverk
 - viii. Vi er med på å gi innspeil til nye læreplaner for musikk og kroppsøving saman med SFF, NU, Riksscenen, folkemusikkstudiet ved NMH, Institutt for tradisjonskunst og folkemusikk (USN) og Valdres folkemusikkarrangement.
 - ix. Har hjelpt områdelaga og dei enkeltståande laga i nye Innlandet med å sende ut brev til fylkeskommunane mtp å betre høva for folkemusikken og folkedansen i Hedmark og Oppland. Det var Gudbrandsdal folkemusikklag, Hedmark folkemusikklag, Valdres folkemusikklag, Gjøvik spelemannslag, Tingelstadringen og Furuleiken spel- og dansarlag som skrev seg under.
 - x. Har vore på kurs hjå Frivillighet Norge for å kunne ha meir info til lokallag om det å ta på seg styreverv.
 - xi. Har delteke på seminar om «Dans på musea» på Fagernes. Der informerte vi om FolkOrg sitt arbeid, og har allereie etablert kontakt med museum mtp bruken av folkemusikk og folkedans, til dømes Maihaugen på Lillehammer.
- e. Særskilde satsingar
 - i. Rekruttering innan folkemusikk og folkedans
 1. Har arrangert rekrutteringsseminar under Folkelarm. 8 av 11 Dextra-prosjekt var der og prata om sitt arbeid. Lars Petter

Bjerkeset representerte Dextra Musica under seminaret. Han var veldig imponert over arbeidet.

2. Oppfølging av dei ulike rekrutteringsprosjekta

ii. Info/synlegheit/formidling

1. Er aktive i sosiale media, spesielt Facebook med å dele informasjon frå andre samt å legge ut aktuell informasjon frå organisasjonen. Vi har i tillegg til Facebooksider grupper for yrkesutøvarar og arrangørar som vi deler tips, råd, søknadsfristar m.m i.

iii. Folkedans

1. Har arrangert «seminar om dansearrangement» under Folkelarm i samarbeid med Noregs Ungdomslag.

iv. Det profesjonelle feltet

1. Har delteke på Northern Expo i regi av RYK-samarbeidet i Nord-Noreg, der Folkemusikk Nord er med. Det har utvida nettverket internasjonalt og nasjonalt.
2. Vi var representert med tre personar på Womex på Las Palmas. Vi er der ansvarlege for den norske standen i samarbeid med Music Norway. En viktig arena for nettverksbygging.
3. Vi har løfta problemstillingar kring TONO og om Kulturtanken under seminar på Folkelarm.
4. Vi har bestilt løysing for utøvarkatalog (folkartist.no) og håpar å den i gong til landsmøtet.

- c) Landsmøtet 2019 blir på Quality Hotel Strand Gjøvik 26.-28.april.
- d) FolkOrg si rolle som medstiftar av Telemarksfestivalen – Kristian Hanto har løfta denne og vil orientere i møtet.
- e) Kven gir vi særskild merksemd til ved merkedagar og gravferd – berre heidersmedlemmar eller andre markante personar også? Kor markant må ein i så fall vere? *Vi drøfter problemstillinga.*
- f) Møterett for administrasjonen i styremøtet, skal denne utvidas?
- g) Dagleg leiar orienterte om at leigeavtalen for kontorlokala går ut i november 2019 og at Norsk musikkråd arbeider med å finne ei løysing.

Vedtak: Styret tek orienterings- og referatsakene til orientering med desse merknadene:

- d) *Saken vart utsett til neste møte, då Hanto hadde forfall.*
- e) *Saken vart utsett til neste møte på grunn av for lita tid.*
- f) *Styret gjer ingen endringar i møterett i styret for administrasjonen.*

Styresak 2018/48 Presentasjon av utøvarar på våre arrangement og haldningar i organisasjonen (utsett frå sist)

Vedtak:

- a) *Vi utarbeider retningsliner for programleiarar, denne handsamas per e-post med styret.*
- b) *Vi melder oss inn i Balansekunst, og orienterer medlemmene om dette og kva dei kan nytte dei til.*
- c) *Dagleg leiar lager utkast til svar på henvending.*

Styresak 2018/49 Tilbakemeldingar frå deltakarane i spel fele A og spel hardingfele A på Lanskappleiken 2018

Vedtak:

- a) Vi går bort frå å ha faste finalar i fele og hardingfele klasse A. Vi held fram med å ha fleire finalar, men det skal rullere mellom alle A-klassane/seniorklassane.
- b) Administrasjonen finn ei løysing på ei god rullering, og lagar eit framlegg til endring tevlingsreglement til neste styremøte.

Styresak 2018/50 Søknadar om å arrangere Lanskappleiken 2020, 2021 og 2022

Saken vart utsett til neste møte

Styresak 2018/51 Lanskappleiken i Vågå 2019: Godkjenning av premiebudsjett, tevlingsplan, billettprisar og deltakaravgift

- a) Deltakaravgift

Vi oppmodar lokal arrangør om å nytte prisane frå Røros 2017 også for første påmelding for senior. Elles godkjenner styret framleggget.

- b) Billettprisar: Styret ønskjer ein eigen pris for ungdom mellom 16 og 18 år. Styret oppmodar om at det blir ein større skilnad på billettpris mellom medlemmer og ikkje-medlemmer, gjerne kr 150 i skilnad for gjennomgangsbillet. Styret fattar endeleg avgjerd i styremøte 2019/01.

- c) Premiebudsjettet er godkjend, men dei må legge på utgifter til ei ekstra finale.
- d) Tevlingsprogram: Administrasjonen gjer endringar på bakgrunn av drøftingane i møtet, og kjem attende med eit framlegg i styremøte 2019/01.

Styresak 2018/52 Førebels oppsummering av Meisterkonserten i Operaen

Saken vart utsett til neste møte

Styresak 2018/53 100-årsjubileum – nemnd og mandat

Saken vart utsett til neste møte

Styresak 2018/54 Gramo og amerikanarane

Vedtak:

FolkOrg gir følgande uttale til støtte for arbeidet som FFUK og NORA gjer:

«FolkOrg ønskjer eit sterkt Fond for utøvende kunstnere, og stor opp om innspelet frå FFUK og Produsentforeningen NORA om at Åndsverkloven må sikre at midlar som Gramo krev inn for amerikanske innspelinger skal tilføres Fondet som avgift, og ikkje utbetalast som vederlag til amerikanske aktørar. Dette er i samsvar med Roma-konvensjonens system om å basere vernet på produsentens nasjonalitet, og elles i tråd med Norges internasjonale forpliktingar.»

Styresak 2018/55 Møteplan våren 2019

Vedtak:

Styremøte 2019/01 er sett til 14.januar 2019 i Oslo.

Styremøte 2019/02 er sett til 25.-26.februar 2019 i Oslo

Styremøte 2019/03 er sett til 14.mai 2019 i Oslo.

Styresak 2018/56 Formalisering av medlemsskap for arrangørar

Vedtak:

- a) Vi ønskjer å få arrangørane som medlemmer

- b) Vi etablerer ei arbeidsgruppe for å sjå på representasjon på landsmøtet, berekning av medlemsavgift og problemstillingar kring TONO.
Arbeidsgruppa utarbeider eit framlegg til saksgrunnlag til Landsmøtet.
- c) Arbeidsgruppa er Thor Hauknes, Øyvind Sandum og Linda Dyrnes, pluss referansegruppa for arrangørar.

Styresak 2018/57 Eventuelt

a) Fordeling av Frifond

Vedtak: Forslaget til fordeling av Frifond organisasjon 2018 vart godkjend.